



Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
34/08	Levekårsutvalet	08.04.2008
44/08	Kommunestyret	24.04.2008

Krav om politiattest for personar som skal ha oppgåver knytt til mindreårige - høyring

Saksdokument vedlagt:

Høyringsbrev frå Justisdepartementet 12.2.08
Høyringsnotatet (21 sider A4) .

Saksutgreiing:

Saka går til innstilling i levekårsutvalet.
Saka skal avgjerast endeleg i kommunestyret.

Med eit høyringsbrev 12.2.08 sende Justisdepartementet eit notat med framlegg til endringar i reglane for krav om politiattest for personar med oppgåver knytt til mindreårige ut til høyring. I notatet reiser departementet spørsmålet om ei avgrensa utviding av gjeldande ordningar med politiattest.

Notatet drøftar det føremålstenlege i aktuelle ynske om utvidingar, m.a. tilhøvet til resosialisering etter straff, tidsavgrensa opplysningsplikt, Den europeiske menneskerettskonvensjonen, ressursomsyn, kva brot attesten skal femna om, og personvern. Departementet konkluderer med utviding av kravet om attest på visse område, og avgrensingar på andre, etter ei samla vurdering av relevante omsyn og det føremålstenlege i ordninga. Til slutt i notatet ligg framlegget frå departementet til lovtekst.

Vurdering:

Kommunestyret avgjer om kommunen skal gje fråsegn i høyringa.

Rådmannen legg saka fram til drøfting og mogleg vedtak:

Handsaming i Levekårsutvalet - 08.04.2008

Framlegg frå R.T.Hella – H:

Lindås kommune meiner at bruk av narkotika og besittelse til eget bruk jf.legemiddeloven §31, jf.§24 første ledd bør vises på politiattesten i minimum 2 år etter at straffbar handling fant sted.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Innstilling i Levekårsutvalet - 08.04.2008

Lindås kommune meiner at bruk av narkotika og besittelse til eget bruk jf.legemiddeloven §31, jf.§24 første ledd bør vises på politiattesten i minimum 2 år etter at straffbar handling fant sted.

Handsaming i Kommunestyret - 24.04.2008

Innstillinga i levekårsutvalet vert samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 24.04.2008

Lindås kommune meiner at bruk av narkotika og besittelse til eget bruk jf. legemiddeloven §31, jf. §24 første ledd bør vises på politiattesten i minimum 2 år etter at straffbar handling fant sted.